

SUNNMØRSPOSTEN • Fredag 28. april 1995

lokal

# Full «krig» om historia

Det vart svært høg temperatur om okkupasjonshistoria på krigs-seminaret i Volda i går. Leiar Olav Riste ved Institutt for forsvarsstudier tok eit kraftig oppgjær med det han kalla enkelte si forvrenging av krigshistoria. – Påstandane om at England stod klar til å invadere Norge dersom ikkje Tyskland gjorde det, er fullstendig feil. Det er også feil at norske nazistar ikkje var klar over gassinga av jødane, seier Riste til Sunnmørsposten.

Bård Siem

Det var fleire «tungvekta»-rør på plass på krigs-seminaret i Volda i går. Under paneldebatten deltok historikarane Hans Fredrik Dahl, Eystein Eggen og Olav Riste, i tillegg til journalist og filmskapar Arne Skouen. Det var under talinga av krigsforløpet temperaturen vart høg. Eystein Eggen, son til to framtrekande nazistar, har provosert sterkt med påstandane om at England stod klar til å angripe Norge, og at dei norske nazistane ikkje hadde opplysningar om gassinga av jødane.

Under den etter kvart så

oppheita debatten, tok Olav Riste eit direkte oppgjær med Eystein Eggen si historietolking.

– Eg ser med klar uro på ein del myter som enkelte til stadigheit serverer. Eystein Eggen sine påstandar om at det var eit kappløp mellom England og Tyskland om å få angripe Norge er direkte feil. Det var tyskarane si propagandamaskin som framstilte det slik. Vi har haugevis med dokumentasjon som viser at Eggen si tolking er feil, sa Riste.

Eggen vart klart provosert, og slo attende.

– Olav Riste manglar heilt det vidsynet som trengst.



Historikar og «nazi-barn» Eystein Eggen (t.v.) og leiar Olav Riste ved Institutt for forsvarsstudier tar saman under krigs-debatten i Volda i går. Riste meiner Eggen forvrengjer røyndomen når han påstår England hadde angripe Norge dersom ikkje Tyskland gjorde det. (Foto Bård Siem)

Kva med Winston Churchill sine talar etter krigen om at England fekk lurt Tyskland til å angripe Norge, spurde Eggen.

**Nazistane visste om gassinga**

Riste gikk også til åtak

på Eggen sine påstandar om at ingen visste om gassinga av jødane.

– Det var sjølvsagt ikkje alle som visste om gassinga, særleg i starten av krigen. Men etter kvart, når jødane vart tatt og sendt avgårde frå vart eige heimland, greidde

dei som ville å få ta om opplysningar om kva som gikk føre seg, seier Riste til Sunnmørsposten.

**Forsoning med atterhald**

Riste seier han er for full forsoning mellom okkupasjonskreftene og dei allierte,

men han tar nokre atterhald.

– Eg har ikkje noko mot å sjå det tyske flagget på norsk jord, men det bør ikkje henge saman med det norske den 8. mai. Etter jubileet er det heilt greitt.

– Kva med dei nazistane som framleis påstår dei hadde rett?

– Det går også ei grense her. Det blir umuleg med forsoning med dei som framleis støttar nazistane sin ideologi og utryddingar, slår Riste fast.

**Quisling ingen betydning**

Arne Skouen tok eit oppgjær med det han hevda er ei sterk overvurdering av Vidkun Quisling si betydning under krigen.

– Vi lirer og lo då vi såg Quisling og hørde talane hans. Han verka så stakarsleg og klossete at vi fekk på ein måte «morskjensle» for han. Eg trur Quisling si betydning for krigshistoria er sterkt overdrive. Om nokre generasjonar vil Vidkun Quisling vere heilt borte, men svikarane eller quislingane vil aldri bli gleymd, sa Skouen.



Hans Fredrik Dahl (bildet) stiller Eystein Eggen i striden om gassinga av jødane. Nesten ingen i Norge visste om gassinga, seier Dahl. (Foto Bård Siem)

## – Visste ikkje om gassinga

Krigshistorikar Hans Fredrik Dahl seier det vart mest ingen som visste om gassinga av jødane under krigen. – Det er ikkje ein gong sikkert at Vidkun Quisling hadde opplysningar om gassinga.

Men nazistane sin grafulle raselologi var kjend i Norge lenge før krigen starta, seier Dahl til Sunnmørsposten.

Eystein Eggen sine kontroversielle påstandar om at

mest ingen visste om gassinga av jødane, får full støtte av Hans Fredrik Dahl.

– Gassinga vart hadde hennemeleg. Gjennom mine undersøkingar har eg funne

berre ein person i Norge som eg veit heilt sikkert visste om gassinga av jødane. Det var ein person i den norske nazi-regjeringa. Vi kan ikkje ein gong vere sikker på at Vidkun Quisling visste fullt ut kva som gikk føre seg, seier Dahl.

**Visste om rasismen**

Dahl slår samtidig fast at nazistane sin grafulle raselologi var kjend i Norge

lenge før krigen, og at alle som ville såg at jødane vart sende vekk. – Det var meir enn nok opplysningar i Norge, så det går ikkje an å hevde at ein vart lurt inn i nazismen, seier Dahl.

Dahl støttar Eggen langt på veg i striden om Tyskland og England sitt tilhøve til Norge like før krigsutbrotet i 1940.

Det er heilt klart at England prøvde å framprovosere

eit tysk angrep på Norge. Dette fordi engelskmennene ville ha ein ny front, der dei kunne kome på banen igjen militært og strategisk. Men å hevde at England hadde angripe Norge om Tyskland ikkje hadde gjort det, er å dra det for langt. England dreiv eit høgt spel og oppnådde det dei ville, seier Hans Fredrik Dahl til Sunnmørsposten.